

Pressemelding

GulenSkyss AS kjøper Florø Skyssbåt.

GulenSkyss AS held til i Eivindvik i Gulen kommune. Florø Skyssbåt AS har sitt hovudkontor i Florø. Overtakingsdato er satt til 15. februar. Verksemda i Florø vil halde fram som tidlegare og Paal Skorpen vil leie denne delen av verksemda som no blir eit heileigd dotterselskap av GulenSkyss AS.

GulenSkyss AS driv passasjertrafikk, ferjeruter og ambulansefartøy på Vestlandet. Reiarlaget opererer per i dag sju fartøy i faste oppdrag og har totalt 36 faste tilsette. Operasjonsområde strekkjer seg frå Bømlo i sør til Bremanger i nord.

Florø Skyssbåt AS har sitt hovudkontor i Florø og driv passasjertrafikk og losbåttjenester ut frå Florø. I tillegg driv dei ein del chartertrafikk. Frå 1.mai 2024 startar reiarlaget opp sitt fyrste heilelektriske passasjerfartøy som skal trafikkere ut frå Florø til øyane i vest på vegne av Norled AS. Reiarlaget har per i dag 6 fartøy, hvorav 4 fartøy i faste ruteoppdrag/losteneste og 15 faste tilsette.

Dei to eigarane, Paal Skorpen og Per Vold er nestorar i næringa og har bygt opp sine selskap frå botnen av. Både selskapa har hatt god vekst og levert solide økonomiske resultat over tid. At dei to no finn saman er eit resultat av samtaler over lang tid. For dei to eigarane har det også vore viktig å finne ei god regional løysing. Paal Skorpen uttaler at det har vore svært viktig for han å finne ei løysing som sikrar vidare drift av selskapet med basis i Florø. -At det er GulenSkyss som kjem inn gjer meg trygg på nettopp dette, og eg vil sjølv vere med å sikre ein god overgang.

Dagleg leiar i GulenSkyss AS, Frode Sønstabø vil bli øvste leiar for dei to selskapa, og er svært nøgd med at oppkjøpet no er på plass. -Florø Skyssbåt eit svært veldrive selskap som vi er audmjuke over å få lov å drive og utvikle vidare i samarbeid med Paal. Dette gjer vi også fordi vi ønskjer å stå sterkare i samband med å delta i større anbod.

For ytterlegare opplysningar kan de kontakte;

Paal Skorpen, telefon 915 80 348

Per Vold, telefon 911 81 418

Frode Sønstabø, telefon 404 01 152

Eivindvik/Florø, torsdag 4. januar 2024

Paal Skorpen Per Vold